# Nasjonalt profilprogram for spesialist-helsetenesta – tilpassingar for Helse Vest

# Innhald


Innleiing ... 3

**Overordna retningslinjer ... 4**
Bruk av logo og designelement i ulike kanalar ... 5
Prikkekors ... 6
Helse Vest logo ... 7
Døme på bruk av logo ... 8
Logosystem/avsendarhierarki Helse Vest ... 9
Retningslinjer – unntak ... 10
Bruk av logo + organisatorisk eining ... 11
Nasjonalt logosystem ... 12

**Gjennomgåande element frå nasjonalt profilprogram ... 13**
Fargepalett ... 14
Profilerande typografi ... 15
Typografi til dagleg bruk ... 16
Designelement ... 17
Biletmaner ... 18
Ikonstil ... 19

**Profiloversikt med døme på malar ... 20**
Kontormateriell ... 21
Powerpointmal ... 22
Nettsider ... 23

## Innleiing

Profilmanualen viser lokale tilpassingar til det nasjonale profilprogrammet med bruk av etablerte lokale symbol.

Oversikta beskriv tydeleg organisering av tenesta og avsendar av innhald, med bruksområde for logo/avsendar, dekorelement og designgrep/plassering.

Den utvida profilen etablerer eit felles uttrykk for heile føretaksgruppa Helse Vest. I prinsippet er det nasjonale profilprogrammet følgt, med tillegg som varetek identiteten til dei ulike helseføretaka.

# Overordna retningslinjer

# Bruk av logo og designelement i ulike kanalar

## Generelt
Logoen er signaturen til helseføretaket. Han skal brukast rett, og det skal ikkje lagast andre, eigne logoar i spesialisthelsetenesta. Alle andre einingar skal leggjast under føretakslogoen. I særlege tilfelle kan designelement brukast åleine, men aldri til erstatning for logo. Unntak er enkelte nasjonale eller interregionale einingar, som har eigne logoar.

## Malar
I kvart helseføretak er det utvikla malar for brev, powerpoint, konvoluttar, visittkort, annonsar, e-post-signatur og ID-kort. Profilhandboka inneheld forslag til framsider til publikasjonar (rapportar, brosjyrar), rollups, skilt og klede. Desse er retningsgivande.

## Internett
Nettstadene til helseføretaka følgjer profil for felles nettløysing for spesialisthelsetenesta basert på nasjonal profilhandbok.

## Intranett
Føretaksgruppa Helse Vest vedtek sjølv grafisk design på intranett. Profilhandboka er retningsgivande.

## Kontakt
Kontakt kommunikasjonsavdelinga i ditt eige helseføretak om du har spørsmål om profilmanualen.

## Prikkekors

Symbolet er basert på ideen om navigasjon og styring. Dei fem elementa er likeverdig sette opp ut frå den himmelretninga/regionen dei representerer. Dermed skal prikkekorset aldri brukast saman med vertikal tekst.

Forma er basert på korset – eit utbreidd internasjonalt symbol for helserelaterte organisasjonar.

Symbolet taler for seg sjølv, utan tekst.

# Helse Vest logo

Primærlogo

HELSE VEST

Kvit logo

HELSE VEST

Logo, negativ

HELSE VEST

Svart logo

HELSE VEST

# Døme på bruk av logo

Slik blir den overordna logoen nytta på til dømes ein rapport og digitale videoformat.

Bruk alltid godt med luft rundt logoen:









# Logosystem/avsendarhierarki Helse Vest

**RHF:** Prikkekorset skal vere i midten av teksten.
**HF:** Prikkekorset skal stå til venstre.

Oppsettet i nasjonalt profilprogram gjeld for organisatorisk oppsett: prikkekors + føretaksnamn, under: namn på sjukehus, under: ev. namn på avdeling.




Helse- og omsorgsdepartementet

RHF

HELSE VEST

HF

HELSE BERGEN

HELSE BERGEN
Haukeland universitetssjukehus

HELSE BERGEN
Haukeland universitetssjukehus
Akuttmedisinsk avdeling

## Retningslinjer – unntak

Logoane til helseføretaka består av prikkekors, føretaksnamn, skiljestrek og namn på organisatorisk eining – i den rekkjefølgja.

HELSE **BERGEN** | Regionalt kompetansesenter for smittevern

Organisatoriske einingar med regionale funksjonar skal bruke logoen til helseføretaket dei er knytte til. I andre tilfelle, og som unntak, kan logoen til Helse Vest RHF brukast i same oppsett. Denne bruken må avklarast med kommunikasjonsavdelinga i Helse Vest RHF.

HELSE **VEST** | Namn på eining

***Det skal ikkje utviklast eigne logoar, designelement eller andre grafiske element for organisatoriske einingar. Prinsippet gjeld uavhengig av kor stort eller langvarig prosjekt det dreier seg om.***

# Bruk av logo + organisatorisk eining

Namn på klinikk/senter/eining skal alltid brukast saman med logo, og dei skal setjast saman slik det står i profilhandboka.




**Logovariantar – unntak**

# Nasjonalt logosystem



# Gjennomgåande element frå nasjonalt profilprogram

Fargepalett, typografi, designelement og biletmaner

# Fargepalett

## Primærfargar

| | | |
|---|---|---|
| **HEX** #003087<br>**RGB** 0/48/135<br>**CMYK** 100/75/2/18<br>**PANTONE** 287 CP | **HEX** #6CACE4<br>**RGB** 108/172/228<br>**CMYK** 59/17/0/0<br>**PANTONE** 284 CP | **HEX** #BFCED6<br>**RGB** 191/206/214<br>**CMYK** 17/4/6/4<br>**PANTONE** 5455 CP |

## Sekundærfargar

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **HEX** #6FA287<br>**RGB** 111/162/135<br>**CMYK** 54/8/47/14<br>**PANTONE** 556 CP | **HEX** #ADDFB3<br>**RGB** 173/223/179<br>**CMYK** 29/0/35/0<br>**PANTONE** 2254 CP | **HEX** #00C19F<br>**RGB** 0/193/159<br>**CMYK** 74/0/49/0<br>**PANTONE** 2240 CP | **HEX** #FFC845<br>**RGB** 255/200/69<br>**CMYK** 0/19/79/0<br>**PANTONE** 1225 CP | **HEX** #FF671F<br>**RGB** 255/103/31<br>**CMYK** 0/70/100/0<br>**PANTONE** 165 CP |

## Fargegradering

## Profilerande typografi

Scala Sans Pro skal nyttast i grunnleggjande profilerande element, logo og logorelatert oppsett.

fonts.adobe.com

Scala Sans Light

*Scala Sans Light Italic*

Scala Sans Regular

*Scala Sans Italic*

**Scala Sans Bold**

***Scala Sans Bold Italic***

**Scala Sans Black**

***Scala Sans Black Italic***

## Typografi til dagleg bruk

Til dagleg bruk, i løpande tekst, t.d. i brev og presentasjonar, skal Calibri og/eller Cambria nyttast. Desse ligg som standardfontar i Microsoft Office-pakkene.

Calibri Light

*Calibri Light Italic*

Calibri Regular

*Calibri Italic*

**Calibri Bold**

***Calibri Bold Italic***

Cambria Regular

*Cambria Italic*

**Cambria Bold**

***Cambria Bold Italic***

# Designelement

## Prikkekors som designelement

Prikkekorset har sterk signaleffekt og kan nyttast som geometrisk eller fritt element saman med bodskapen på ulike kommunikasjonsflater.



Visuell leik med elementa i symbolet i farge, transparent og som linjer.





Utsnitt av forma til venstre gir eit abstrahert bilete, som beheld den visuelle tilhøyrsla.

## Linjer som designelement

Den stipla eller heiltrekte linja kan uttrykkje nettverk, samarbeid, geografi, samanheng og framdrift. Linjesystemet kan koplast saman med prikkane frå korset.



Reine linjer og punkt i stramt, utbyggbart oppsett.



Reine linjer og punkt i levande system som mønster.



Linjer som illustrasjon.

## Mønster som designelement

Mønster kan bestå av element frå prikkekorset som er lagde saman på ein måte som skaper rørsle og fungerer som ei levande frise eller eit levande felt.





# Biletmaner

Bilete skal støtte og forsterke bodskapen, og motivet bør derfor ha relevans for innhaldet. Bruk helst bilete av verkelege menneske. Foto som kan kjennast att som bilete tekne på staden, skaper meir tillit enn stockfoto. Utsnitt av menneske kan fungere når temaet ikkje er så konkret at det er lett å finne eit passande motiv. Det er viktig å representere mangfald.

Grunntonen i bileta skal vere positiv og lys. Bruk gjerne kvite eller einsfarga lyse bakgrunnar.

Hugs kreditering av fotograf der det er naturleg.



# Ikonstil

Ikon til bruk i ulik kommunikasjon, tilpassa det visuelle uttrykket i logoprogrammet.

Ikon blir nytta som små beskrivande vignettar/ illustrasjonar saman med løpande tekst eller kortfatta tekstlege oversikter i PowerPoint, på web, i strategidokument, tematiske forklaringar o.l.

Det finst eit utval ikon, og stilen på desse blir vidareført på nye som blir produserte. Fargane er dei same som i logoen – mørk blå, lys blå og kvit.

Ikona skal aldri nyttast saman med logo åleine, heller ikkje som tilleggsmerke til føretakslogo.

Standard stil



Kreativ variant



# Profiloversikt med døme på malar

# Kontormateriell

Ferdige brevmalar med faste element blir utarbeidde i Word.

Fargepalett blir lagd inn som standard.

Typografi er ferdig innstilt med storleikar og typar.

Sjukehus/institusjon/senter/klinikk må komme tydeleg fram. Dersom det blir fjerna frå logoen, må det komme fram i brevtekst.

***Døma er per 2023.***

Brevark A4


HELSE VEST IKT

Namn Etternamn
Vestlandsvegen
0000 Bergen

Stad/Dato
Bergen, 00.00.2023

**Editatum quasper uptatis invene**
Unti in re endaniatur suntibea es ma dus res esequo volor re quo to cum ipic tem vendel imusda accusti ssundam usant, susam et alitate mporecustia nihit, simint ut enia sa delecto re-pudan daecum untiur, es dolori natus autem venim in pliquam dolore erspitaspit, quundituim utet quiatempe iunt.

Derum invellatia veliquia susant et et vel ipsum aut quo eum sum videnet quideri onecepr atemolupti occate comnime re, cone secaboribus dempori quunt reprere sequamusa nienit litatur soluptiae sum sum ut am vent, con nobitatur? Qui doluptatque idendamus, volluptatur sundipsaes sam restoreptio. Orae nonem sima sumque cor accae que perchilit prorernat. Empedi conseque iunt porentem dolupti dit reium as volesen dissim fugiatus pel ipiduntio. Officiis molum et fugitae ptatiorem quam, quassitist quodia dolore none nimollabo. Ur, ex exere sa core voloresed magnatur aut iducitatus del in cum, sequi reictia volendignim quaectu reperibus sus voluptam, consed molorrum quam sant, officid ut ommolo quia di tendis as arum ratquis eum labo. Et quam inci consequia et latia nimpelit ulpario. Xerae et eost acea autet rectotasim doluptatur sinis ex etus, tem aut ilita quatemporae rem ab iur ari ut pro bea vendunt et volori cus velest, culpa consequam, assectur?

Lorepel lignihi ciliqui veligent verior sa dolupta tempori bernates aut et volorpores molorrum et magni voluptatur aliquibus et ommo doluptatio millaniet licidis nonserovit qui consequiaest as es minus di con pro core.

Med vennleg helsing

Kari Normann
stillingstittel

Helse Vest IKT AS
Inndalsveien 12
5052 Bergen
Org. nr. 987 601 787

Besøksadresse
Ibsens gate 104
5052 Bergen

Telefon kundesenter
+47 55 97 65 40
Telefon resepsjon
+47 55 97 65 00

Epost
postmottak@helse-vest-ikt.no

www.helsevest-ikt.no

Konvolutt C5




Visittkort




E-postsignatur



# Powerpointmal

Døme på bruk av lysbilete og grafiske element.



























# Nettsider

Nettstadene til helseføretaka følgjer profil for felles nettløysing for spesialisthelsetenesta, som er basert på nasjonal profilhandbok.



HELSE VEST

*Redigert 2023*